

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22. og 23.11.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget fastset desse tillegg og endringar i lokal forskrift om inntak og formidling:

1. Tillegg i § 2 tredje ledd:
Døme på urimeleg lang reiseveg er der søker må flytte på hybel, eller reisevegen inkludert evt. busskorrespondanse overskrid meir enn 60 minutt om eleven ikkje får plass på nærmeste skule.
2. Tillegg i § 6 første ledd:
Skala for tilleggsspoeng etter ferdigheitsprøve blir fastsett av fylkesutvalet.
3. Tillegg i § 7 første ledd:
Skala for tilleggsspoeng, på bakgrunn av dokumentasjon frå særkrets, blir fastsett av fylkesutvalet.
4. Endring i § 13 andre ledd:
Dersom eleven ombestemmer seg i løpet av skuleåret, må eleven slutte i faget før 1. november for å behalde den første standpunktakrakteren.
5. Nytt fjerde ledd i § 19 skal lyde:
Inntaket til alternativ slutttopplæring Vg3 i skule vert ikkje delegert til skulane.
6. Ny føresegn skal lyde:
§ 28 Alternativ slutttopplæring Vg3 i skule

Søkjarar som ikkje får læreplass, kan på visse vilkår få tilbod om alternativ slutttopplæring Vg3 i skule.
Søkjarar som oppfyller vilkåra, har rett til inntak til eit programområde på Vg3 som byggjer på det programområdet på Vg2 som søkeren har gjennomført. Vilkåra er:
 - 1) søkeren har ungdomsrett etter opplæringslova § 3-1
 - 2) søkeren har søkt læreplass i Vigo innan fristen 1. mars
 - 3) søkeren har bestått fellesfag og programfag på Vg1 og Vg2, eller har karakteren 1 i inntil to fellesfag, jf. forskrift til opplæringslova § 3-51
 - 4) søkeren er heimehøyrande i Hordaland etter lokal forskrift om inntak og formidling § 16
 - 5) fylkeskommunen ikkje kan tilby læreplass innan 1. september
 - 6) søkeren har svart at han/ho aktivt ønskjer fortsatt oppfølging frå fylkeskommunen, til dømes via meldingskort og oppmøte på obligatorisk informasjonsmøte
7. Resterande føresegn får ny nummerering
8. Lokal forskrift vert gjennomgått og revidert seinast ved etablering av utvida fylkeskommune/ region.